


# SOLUND SOKN

## 2020



## Årsmelding

Vedteken av Solund sokneråd 08.04.21

# SOLUND SOKNERÅD

## TILSETTE OG MEDLEMAR AV RÅD OG UTVAL

|                                                                                    |                          |
|------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------|
| <b>Leiar</b>                                                                       | Bjarte Engevik           |
| <b>Nestleiar</b>                                                                   | Anne Kari Reigstad       |
| <b>Medlemmar</b>                                                                   | Arild Hove               |
|                                                                                    | Silje Lending            |
|                                                                                    | Karen Nessen             |
|                                                                                    | Idar Vaulen              |
| <b>Geistleg representant</b>                                                       | Bjørn Magne Hansen       |
| <b>Personleg vara for geistleg representant</b>                                    | Per Børge Hillestad      |
| <b>Kommunal representant</b>                                                       | Anne Marie Gåsvær        |
| <b>Personleg vara for kommunal representant</b>                                    | Erlend Lambrechts Trovåg |
| <b>Varamedlemmar</b><br><br>Rådet sin samansetning er relativt jamt kjønnsfordelt. | Terje Midtbø             |
|                                                                                    | Björg M Hjartholm        |
|                                                                                    | Sigurd Kråkås            |
|                                                                                    | Roar Trovåg              |
|                                                                                    | Eldbjørg Danielsen       |

### Soknerådet sitt arbeidsutval er sett saman av

Leiar  
Nestleiar  
Sokneprest  
Kyrkjevevje (sekretær)

### Diakoniutvalet

Ein har ikkje valt nye medlemmar av utvalet for 2020.

### Kyrkjelydsutvala

Ein har ikkje valt nye medlemmar av utvala for 2020.

### Møter og anna

Soknerådsmøter: 5

Arbeidsutvalsmøte, inkludert tilsetjingsutvalsmøte: 7

Kyrkjelyden sitt årsmøte var kalt inn til i Solund kyrkje 8.11.20, men berre 3 møtte. Antakeleg er den pågåande pandemien med sars-Covid-19 ein medverkande årsak.

### Tilsette i Solund sokn 2020

Solund sokneråd har 6 tilsette i Soknerådet, i stillingar som kyrkjevevje, kontor, vaktmeister/gravplassarbeidar, reinhaldarar, klokkar og kyrkjetenarar. Dette er små stillingar som utgjør kring 2 årsverk til saman.

Vakante tenester har i moderat grad vore dekkja opp av frivillige og tilkallingsvikarar. I tillegg har ein leigd inn ekstrahjelp i samband med smittevern i sars-Covid-19-pandemien.

Klokkar og reinhaldar Gunnfrid Eide, som og har hatt verv som m.a. soknerådsleiar, gjekk av med pensjon i september. Ho vart takka av med ein høveleg markering med m.a. prost og ordførar til stades, i lag med tidlegare klokkar og soknerådsleiar Kari G. W. Hjørnevang, der begge fekk Medaljen for lang og tru teneste, som tildelast av Det Kongelige Selskap for Norges Vel.

### Stillingsoversyn

| Felles stillingar                             | Stilling (%) |                                                       |
|-----------------------------------------------|--------------|-------------------------------------------------------|
| Kyrkjeverje                                   | 60           | Mona Hjørnevang<br>Samt ekstra timar i høve etterslep |
| Kantor med diakoni- og trusopplæringsoppgåver | 82           | Liudmila Savchenko                                    |
| Klokkar alle tre kyrkjene frå 1.11.20         | 14           | Liudmila Savchenko                                    |
| Gravplassarbeidar/vaktmeister                 | 20           | Ilgonis Kalnins                                       |

| Husøy kyrkje |   |                                                                  |
|--------------|---|------------------------------------------------------------------|
| Kyrkjetenar  | 5 | Odd Peder Kårstad                                                |
| Klokkar      | 4 | Gunnfrid Eide<br>Stillinga slått saman for heile soknet frå 1.11 |
| Reinhaldar   | 6 | Gunnfrid Eide<br>Vikar Tracy Strømmen                            |

| Solund kyrkje                              |      |                                                 |
|--------------------------------------------|------|-------------------------------------------------|
| Reinhaldar (inkl. Kyrkjjetunet og Hersvik) | 12,3 | Randi Cecilie Odéen                             |
| Klokkar                                    | 7    | Stillinga slått saman for heile soknet frå 1.11 |
| Kyrkjjetenar                               | 12   | Ilgonis Kalnins                                 |

| Hersvik kyrkje |   |                                                   |
|----------------|---|---------------------------------------------------|
| Reinhaldar     |   | I stillinga til Randi Odéen                       |
| Klokkar        | 3 | Stillinga slått saman for heile soknet frå 1.11   |
| Kyrkjjetenar   | 4 | Stillinga slått saman med Solund kyrkje frå 23.11 |

Dei vakante stillingane for kyrkjjetenar i Hersvik kyrkje, reinhaldar i Husøy kyrkje, vaktmeister i Kyrkjjetunet og klokkar for heile soknet, vart lyst ut og gjort tilsetjingar i (jmf. oversynet).

### **Bispedømetilsette**

I kyrkja sin stab har ein òg sokneprest Bjørn Magne Hansen, som er tilsett av Bjørgvin bispedømeråd (100% stilling). Dei tre kommunane Masfjorden, Gulen og Solund er eit samarbeidsområde for prestane, der ein vikarierer for kvarandre ved feriar m.m.

Dei tre kommunane Solund, Gulen og Masfjorden finansierer saman 50 % av soknepreststillinga i Masfjorden, slik at ein då kan ha eigen sokneprest i full stilling i kvar av dei tre kommunane. Det er utarbeida ei eiga samarbeidsavtale for dei tre stillingane, der m.a. soknepresten i Masfjorden skal bidra inn i trusopplæringsarbeidet i Gulen og soknepresten i Solund bidra inn i det diakonale arbeidet i Gulen. I tillegg til soknepreststillinga gjev bispedømerådet tilskot til 10 % stilling som trusopplæringsmedarbeidar i Solund (del av kyrkjemusikarstillinga).

Frå 1. januar til midten av april var soknepresten og fungerande sokneprest i Gulen grunna vakanse. Etter at det kom ny sokneprest i Gulen har avtalen vore at soknepresten i Solund har 5 gudstenester årleg i Gulen, samt er disponibel for gravferder rundt 14 dagar kvar månad. I praksis har dette medført at soknepresten hadde 8 gudstenester, 7 gravferder og 1 vigsel i Gulen i 2020 og 3 gravferder og 1 vigsel i Masfjorden, i tillegg til nokre andre oppgåver i Gulen i byrjinga av året.

### **Særskilt for året**

Også kyrkja har i 2020 vore med på dei nasjonale og lokale smittevernstiltaka mot spreiding av pandemien av sars-covid-19. Dette har medført tidvis stengde dører frå mars, og andre gongar restriksjonar på antal deltakarar, med plasshenvisingar på dei største arrangementa. Samt utsetjing av arrangement som konfirmasjonar, og andre hygieniske tiltak. Drifta har i så måte vore utfordra på mange måtar, men har omstilt seg bra etter forholda.

### **Gravplassane**

Arbeidet med gravplassoppgradering på Hersvik og Hardbakke er framleis under planlegging, og ein er i dialog med kommunen etter kontakt med fleire entreprenørar.

Gjerdet og porten rundt gravplassen på Hersvik er innsett med linoljemåling og arbeidet er forventa ferdig i 2021. Delar av steingjerdet der vart vøla etter at ein storm braut av tre- og betongdeler. Dei to øydelagde benkane vart skifta ut med to nye, laga lokalt i Solund.

Firma og vikar tok over gravplassdrifta og vaktmeisterenesta ei større del av året, grunna hindringar som fylgje av nedstenginga i pandemien.

Det er kjøpt inn vasstette skiltrammer, for informasjon. Det vart og leigd inn større restavfallsdunk ved gravplassen på Hardbakke.

### **Gravstell**

Solund sokneråd har avtale med einskildpersonar og firma som steller graver, etter gravstellsfond og avtaler med pårørande. Krigsgravsminna får og årleg gravstell.

### **Tiltak utført i 2020**

Planlagde tiltak på kyrkjene Husøy og Hersvik, vart utsett til 2021 av entreprenør.

Kyrjeklokkene i alle dei tre kyrkjene, samt klokketårnet på Husøyna, vart ettersett i planlagt vedlikehald av fagfolk. Det var kuling den dagen firmaet frå Vestfold kom, men det vart likevel

prioritert å få ettersynet gjennomført, og derfor leigd inn stor båt. På Husøy var opphenget til klokka så rusta at det vart bestemt å sende den til vedlikehald.

Under nedstenginga som var eit smitteverntiltak i høve pandemien, starta reinhaldar og kyrkjeverje nedvask av kyrkjene. Vidare vart oppdraget seinare på året sett ut til 10. klasse som vaska ned dei tre kyrkjene.

Soknet sitt arbeid vart og løfta inn på ei heilt ny, flott nettsideplattform, og oppdatert.

#### *Husøy kyrkje:*

- Planlagt utvendig oppgradering vart utsett til 2021 av entreprenør.
- Reparasjon av vasslekkasje under vask på WC.

#### *Solund kyrkje*

- Måling av skåp i sakristi og utanfor galleri.
- Reparasjon av vasslekkasje vassinntak toalett i bårhus.
- Utforming av transportkasse til altertavla for restaurering.
- Utsifting ytterdørlås.

#### *Hersvik*

- Planlagt utvendig oppgradering utsett til 2021 grunna høve hjå entreprenør.

#### *Kyrkjetunet*

- Innvendig oppgradering planlagt
  - Grunnlagsrapport utarbeida av Nedre Jølster Bilelag.
  - Søkt og motteke tilskot frå Huset i Bygda (Sparebankstiftinga).
  - Baderomsvindauge i leiligheit malt.
- Vanninntrenging med oversvømmelse i kjellaretasjen
  - Avfuktarar og karmar ødelagt. Ny avfuktar kjøpt inn.
- Reparert lita vasslekkasje under vask på wc i 1. etg.
- Gnagsikring utført av fagfolk på relevante opningar i husskalet og innvendig.
- Utsifting av defekt ovn på sørvendt kontor.

#### *1. etg.*

- Nordvendt og sørvendt kontor er utleigde på heiltid.
- Salen har vore lite nytta, grunna sars-covid-19-pandemien. Elles vert lokala nytta av Hardbakke misjonsforeining og lånt ut med eller utan kjøken til ulike arrangement.

#### *2. etg.*

- Leilegheita i 2. etg. er leigd ut som bustad. Dei tilknytte enkle vaktmeistertenestene vart fjerna frå leigeforholdet og overført til anna stilling i soknet.
- Skifta blandebatteri i dusj i leiligheita.

### **Hovudtrekk økonomi**

Også i 2020 har rekneskapen gått i balanse. Hovudgrunnen til dette er vakansar i einskilde stillingar, og noko mindre forbruk enn budsjettert.

### **Drift**

2020 hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 199 857,22 for øvrige tenester, og -24 948,52 for Kyrkjetunet, trass auka utgifter som fylgje av pandemien. Hovudårsakane til dette er ubrukte lønsmidlar heile året for dei vakante stillingane, m.a. ved Hersvik kyrkje, mindre forbruk som fylgje av innstilte arrangement, og stabile hovudinntekter på kontorutleige for Kyrkjetunet. Mindreforbruket er sett av i balansen i påvente av disponering. På generelt disposisjonsfond står det ved årsskifte totalt -680.897,20. Kyrkjetunet sitt overskot setjast automatisk av etter løpande vedtak, på Kyrkjetunet sitt ubunde disposisjonsfond. På dette fondet står det totalt -161.695,38. Kyrkjetunet mottok og 60 000 i tilskot frå Huset i Bygda til innvendig oppgradering.

Det er og lagt ned mange timar i dugnad, både fagfolktimar og andre like viktige.

### **Investering**

Det er 147 857,00 i udisponerte investeringsmidlar ved årsslutt og er sett av i balansen i påvente av disponering. Det er -76.626,56 på ubunde investeringsfond.

### **Kontakten med Solund kommune**

Soknerådet opplever kontakten med Solund kommune som svært konstruktiv og god, både når det gjeld velvilje, yting av midlar, idéutveksling og god hjelp.

## **ANNA KYRKJELEG AKTIVITET I 2020**

Den kyrkjelege aktiviteten har naturleg nok i 2020 vore sterkt prega av koronapandemien, som samfunnet elles. Mange aktivitetar ein til vanleg har har vore redusert eller borte i 2020. Under følgjer eit oversyn over ein del av den kyrkjelege aktiviteten i 2020. Jfr. elles kyrkjeleg årsstatistikk for 2020.

### **GUDSTENESTER**

I gudstenesteordninga som no gjeld for området Masfjorden, Gulen og Solund i Nordhordland prosti, har Masfjorden 50 årlege gudstenester, Gulen 55 og Solund 45. Skal soknepresten i Solund skal ha 5 gudstenester årleg i Gulen, slik at kvar av de tre sokneprestane då årleg har 50 gudstenester kvar.

I praksis er gudstenestetallet i Solund i eit normalår noko høgare. Frå 13. mars og til midten av mai var alle gudstenester i Noreg avlyst p.g.a. pandemien. Sidan var det gjennom året avgrensa tal på deltakarar. Frammøtet til gudstenestene har då vorte tydeleg redusert, sidan mange òg er redd for å gå ut og møtast.

1. På Solundheimen  
24.12 Gudsteneste Julaftan  
26.12 Høgtidsgudsteneste 2. Juledag
2. Andre stader  
26.07 Sportsgudsteneste Sperrefjellet i Ytre Solund  
Ein plar årleg ha gudsteneste i det tidlegare skulehuset på Strand og i Indrevær bedehus, men baa desse vart avlyst dette året.

3. Av særskilte gudstenester i kyrkjesusa hadde ein

08.11 Lysmesse Solund kyrkje (med deltaking av konfirmantane)

06.12 Lysmesse Husøy kyrkje (med deltaking av Kvardagsskulen)

4. Digitale gudstenester

Dette vart eit nytt begrep i 2020 grunna pandemien. Mange rundt om i landet har sendt slike gudstenester, antan i opptak eller direkte. Dei krev både godt teknisk utstyr og kunnskap og mykje førebuing, men me fekk til to slike i Solund i 2020:

17.05 Festgudsteneste som ein del av 17. maiprogrammet frå Solund kommune

24.12 Gudsteneste frå Nordhordland prosti, med eit lite innslag frå Solund

Til det kommunale programmet 17. mai la mange ned eit stort arbeid i førebuing og gjennomføring og sendinga hadde rundt 1.800 nedlastingar, noko som jo er eit svært høgt tal når Solund har knapt 800 busette. Gudstenesta frå Solund kyrkje var lagt inn som ein del av det kommunale programmet og fleire musikalske ressursar tok del i gudstenesta. Iga Tomczuk hadde ansvar for film og lydopptak og gjorde ein svært fin innsats med dette. Ein fekk mange gode attendemeldingar for dette tiltaket.

Gudstenesta Julaftan var i regi av Nordhordland prosti, der 2 av prestane hadde ansvaret for å opptak og redigering.

## DÅP

Det var 6 dåp i Solund i 2020, fordelt slik:

|               |       |
|---------------|-------|
| Solund kyrkje | 4 dåp |
| Husøy kyrkje  | 2 dåp |

Alle dei døypte er busett i Solund. 2 av de 6 vart døypt i samband med konfirmasjon.

Fleire har spurt om dåp, med ynskjer å vente til endra smittevernreglar gjev høve til å samle familien til dåpsselskap.

## KONFIRMASJON

9 unge var konfirmert i Solund i 2020:

|               |               |
|---------------|---------------|
| Solund kyrkje | 6 konfirantar |
| Husøy kyrkje  | 3 konfirantar |

Grunna koronapandemien vart konfirmasjonane flytta frå Pinsedag til dei to fyrste laurdagane i september. Ved konfirmasjonen i Husøy kyrkje vart òg 2 av dei 3 konfirmantane døypt, noko som elles

er svært uvanleg i ei konfirmasjonsgudsteneste, men som samstundes fint understrekar samanhangen mellom dåpen og konfirmasjonen.

## **VIGSLER**

Det var 1 vigsel i Solund i 2020, der brureparet ikkje er busett i Solund. Vigselen vart, etter søknad til biskopen i Bjørgvin, halde om bord i ferja MF Losna, sidan brudgomen har vore tilsett i rederiet og på denne ferjeruta i mange år. Vigselen vart til og med innslag på nasjonale nyhendesendingar, sidan den òg skjedde på skuddårsdagen.

Naturleg nok har pandemien gjort at mange nasjonalt har utsett å gifte seg, sidan det er vanskeleg å samle folk til selskap.

## **GRAVFERDER**

Det var 13 gravferder i 2020. 1 av desse var ikkje busett i Solund. I tillegg var det 1 urnenedsetjing, der vedkomande var busett i annan kommune og vart bisett der. Dei 14 gravlagde er fordelt slik:

|                     |                                       |
|---------------------|---------------------------------------|
| Solund kyrkjegard   | 5 gravferder                          |
| Hersvik kyrkjegard  | 5 gravferder (inkl. 1 urnenedsetjing) |
| Straumen kyrkjegard | 4 gravferder                          |
| Husøy kyrkjegard    | 0 gravferder                          |

12 av dei 14 gravlagde var busett i Solund. Noko som særpregar 2020 er at 4 av dei 14 gravferdene var med urne i staden for kiste. Dette har til dels med pandemien å gjere, at ein då hadde meir tid før gravferda. Fleire vart no merksam på at det er høve til kremasjon først og så gravferd med urne. Ei slik gravferd går jo føre seg på nett same måten som ei ordinær gravferd, men då med litt større tidsrom før gravferda kan skje, grunna transport av båra til næraste krematorium i Bergen.

## **OPEN KYRKJE**

Det var open kyrkje i Solund kyrkje ved to høve i 2020:

|             |                                                     |
|-------------|-----------------------------------------------------|
| 17. mai     | Open kyrkje sidan det ikkje var ordinær gudsteneste |
| 1. november | Helgemessesundag, med open kyrkje etter gudstenesta |

## **KYRKJELYDSKVELDAR**

I 2019 var det 3 kyrkjelydskveldar og tanken var å halde fram med dette tiltaket, men ein rakk berre éin før pandemien sette inn:

|         |                               |
|---------|-------------------------------|
| 4. mars | med soknepresten som innleiar |
|---------|-------------------------------|



Ein liten komité (Torild Teige Strand, Ingunn Sanden og soknepresten) har hatt ansvaret for kyrkjelydskveldane.

## **SAMARBEID MED BARNEHAGE OG SKULE**

Solund barnehage hadde avtalt samling i kyrkja før påske, men den måtte avlysast p.g.a. pandemien.

Solund barne- og ungdomsskule har vedtak om gudstenester i samband med påske- og julehøgtida annankvart år og hadde i 2019 gudstenester både før påske og i adventstida og haded difor ikkje planlagt noko i 2020.

## **TRUSOPPLÆRING**

Tiltak ein har som del av trusopplæringa er følgjande:

1. Dåpssamtalar  
Når dåpsfamilien er busett i Solund, finn samtalane oftast stad heime hjå dåpsfamiliane.
2. Dåpen  
Ved dåpen delast følgjande ut:
  - Dåpslys m/12 symbol, m/forklaring til symbola og faldaren "Bruk dåpslyset"
  - Dåpslysestake (laga ved Vik fengsel)
  - Boka "Arvegull"
  - Kveldsbønplakat ("Kjære Gud, eg har det godt")
  - Dåpsserviett (handsydd frå Madagaskar, m/informasjonsark om servietten). Servietten vert laga gjennom eit av Det Norske Misjonsselskap sine prosjekt.
  - Fadderbrev
3. 4-årsbok  
Alle fireåringane i Solund får invitasjon til å ta imot ei 4-årsbok i kyrkja.
4. Biblar til 10-åringane  
Alle tiåringane får invitasjon til å ta imot ein Bibel i kyrkja. Dette tiltaket måtte utsetjast i 2020.
5. Kvardagsskulen i Straumen  
Kvardagsskulen held til i skulehuset i Straumen og er tilslutta Søndagsskolen Norge. Ein rakk 3 samlingar før pandemien sette inn, i tillegg til at Kvardagsskulen tok del i lysmessa i Husøy kyrkje i adventstida. Soknepresten er hovudleiar, kantor medleiar, i tillegg til at foreldra til borna er med.
6. Bu-heime-leir  
Grunna pandemien vart det ikkje arrangert leir dette året.
7. Mini-konfirmasjon  
Grunna pandemien var heller ikkje dette tiltaket gjennomført i 2020.

#### 8. Konfirmantarbeidet

1. halvår 2020 var det 9 som tok del i konfirmantundervisninga i Solund. 3 vart konfirmert i Husøy kyrkje og 6 i Solund kyrkje. Undervisninga er lagt rett etter skuletid, kl 14.30 - 16.00 i Solund kyrkje. Konfirmantane får middag frå kjøkenet på Solundheimen.

Ein hadde planlagt konfirmanthelg på Alværa Misjonssenter saman med Gulen i månadsskiftet februar/mars og fekk gjennomført den før pandemien sette inn. Det var stopp i undervisninga frå midten av mars til midten av mai, men elles har undervisninga kunne gått som normalt sidan ein her er såvidt få og dei går i same klasse. Som nemnt under gudstenester, vart konfirmasjons-gudstenestene flytta frå Pinsedag til dei to fyrste laurdagane i september.

Det nye kullet hausten 2020 tok til i midten av september og her har ein hatt undervisning heile hausten.

#### 9. Trusopplæringsmedarbeidar

Kyrkjemusikar Liudmila Savchenko har 10 % stilling knytta til trusopplæring.

#### 10. Trusopplæringsplan

I 2011 og 2012 vart det i samarbeid med sokna i Gulen utarbeida ein trusopplæringsplan for sokna i Gulen og Solund. Planen vart godkjend av Biskopen i Bjørgvin hausten 2012. Ein rapporterar årleg inn aktiviteten og Bjørgvin bispedømeråd har årlege samtalar som eit ledd i evalueringa av arbeidet. Soknepresten tek del i desse samtالene.

### **DIAKONI**

Òg det diakonale arbeidet har vorte redusert som følgje av pandemien. Tiltak som plar vere er følgjande:

#### 1. Arrangement på Solundheimen

Frå midten av mars og fram til slutten av juli var det ikkje andaktar på heimen, men elles har sokneprest og kantor vore der stort sett kvar veke.

Her var 25 andaktar i 2020. I tillegg song me, tradisjonen tru, "jula ut" 20. dag jul (13. januar). Ein har òg hatt 2 gudstenester (sjå eige avsnitt over).

#### 2. Eldretreff

Ein rakk 2 eldretreff før pandemien gjorde at slike tiltak, med besøk av andre utanfor Solundheimen, måtte setjast på vent.

#### 3. Eldretur

Den årlege eldreturen, i samarbeid med Mjømna sokn, måtte òg gå ut dette året.

#### 4. Solund frivillegsentral

Kyrkja er ein av samarbeidspartnarane i frivillegsentralen, som starta opp i 2005.

## 5. Diakonimedarbeidar

Kyrkjemusikar Liudmila Savchenko har 10 % stilling som diakonimedarbeidar. Ho har vore med ved andaktar og oppgåver som fell saman med trusopplæringa. Dei eldre set tydeleg pris på dei mange musikalske innslaga ved andaktane!

## KYRKJEMUSIKK

Kyrkjemusikar Liudmila Savchenko har hovudansvaret for det kyrkjemusikalske arbeidet. Her følgjer eit oversyn over konsertane i 2020:

### 1. Konsertar

Det var totalt 5 konsertar i 2020 (2019: 13), med 206 til stades (2019: 824):

|   | Dato       | Stad       | Arrangement           | Deltakarar                                                                                    | Til stades |
|---|------------|------------|-----------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------|------------|
| 1 | 25.01.2020 | Solund krk | Pianokveld            | Kyrkjemusikar Liudmila Savchenko                                                              | 16         |
| 1 | 11.07.2020 | Solund krk | Draumestipend-konsert | Jothika Sivapalan, Liudmila Savchenko, Cathrine Hjønnvåg Steinsøy og Erlend Lambrechts Trovåg | 77         |
| 1 | 25.07.2020 | Solund krk | Sommarkonsert         | Kantor Liudmila Savchenko                                                                     | 8          |
| 1 | 20.12.2020 | Solund krk | Me syng jula inn      | Messingblåsarar v/Erlend Lambrechts Trovåg og kantor Liudmila Savchenko                       | 42         |
| 1 | 27.12.2020 | Solund krk | Romjulskonsert        | Messingblåsarar og songarar, kantor Liudmila Savchenko                                        | 63         |
| 5 | konsertar  |            |                       |                                                                                               | 206        |

### 2. Pianoundervisning

Som ein del av si stilling har kyrkjemusikaren òg pianoundervisning (15 % stilling) i ein tenesteytingsavtale med kulturskulen. Stillingsstorleiken gjev rom for 9 elevar.

## MISJONSARBEIDET

Det er éi misjonsforeining i Solund, Hardbakke misjonsforeining, som er tilslutta Den Norske Misjonsselskap. Betelskipet frå Den Indre Sjømannsmisjon kjem årleg innom Hardbakke, men måtte avlyse si vitjing i 2020. Soknerådet støt og misjonsarbeid gjennom takkoffer i kyrkja og misjonsprosjektet.

### 1. Misjonsprosjektet

I 2004 inngjekk Solund sokneråd ein avtale med Det Norske Misjonsselskap om å støtte eit av deira misjonsprosjekt. Frå 2015 arbeider ein for born og unge i slummen i Bangkok i Thailand. Det er sett av 4 takkoffer i kyrkjene kvart år til prosjektet.

### 2. Hardbakke Misjonsforeining

Foreininga har 10-11 medlemmar og møtast kvar tredje veke i skuleåret. Møta vert haldne i Kyrkjetunet og det vert arrangert ein årleg basar òg dessutan tombola på Solunddagen. Inntektene

som kjem gjennom basaren og kollekt på møta går til misjonsprosjektet ved Det Norske Misjonsselskap og til Alværa Misjonssenter.

## INFORMASJONSARBEID

Ut frå personalressursane me har til rådvelde, er følgjande tiltak i gang når det gjeld informasjonsarbeid:

1. Kyrkjeblad for Solund

Kyrkjebladet kom ut med éitt nr i 2020, til jul. Bladet sendast alle husstandar i Solund og i tillegg til rundt 150 utflytta sulingar, kyrkjekontor i nabokommunane m.fl.

2. Heimeside

Kyrkja har ei heimeside ([www.solund.kyrkja.no](http://www.solund.kyrkja.no)) og den vart i 2020 fornya og oppdatert og framstår no som svært fin.

3. Andre informasjonskjelder

Gudstenestene og konsertar vert kunngjort gjennom facebookside "Solundnyheter", i kommunen sin kulturkalender, i Firda og på plakatar.

\*\*\*\*\*

Ein vil til slutt få takke alle tilsette og frivillege for innsatsen i året som gjekk og ynskje lukke til med arbeidet i 2021!

Hardbakke 8. april 2021

  
Anne Kari Reigstad  
Leiar Solund sokneråd

  
Mona Hjørnevåg  
Kyrkjevevje

  
Bjørn Magne Hansen  
Sokneprest



2 Solund Sokneråd - 2020

12.02.2021

Bruker: MAUT

Klokken: 10:25

Program: XKOST-HC Versjon: 18

Økonomiske oversikter

**Utvalgsriterier**

|                  |        |                 |
|------------------|--------|-----------------|
| Selskap          | 2      | Solund Sokneråd |
| Region           | 0      | SOLUND SOKNERÅD |
| Regnskapsår      | 2020   |                 |
| Periode          | 0 - 12 |                 |
| Spesifikasjon pr | Ingen  |                 |

**Styringsparametre**

☐ Ikke ta med budsjettendringer

☒ Skriv ut sammenligningskolonner

☐ Periodisert budsjett

Kommune/fylkeskommune

Kirkelig fellesråd

Konsolidert regnskap

☐ Driftsbudsjett

☐ Investeringsbudsjett

☒ Økonomisk oversikt drift

☒ Investeringsregnskap

☒ Balanse

☐ Bruk Kostrakoder

Balansesiffer

Antall

Starter på

☐ Detaljer

☐ Vis medlemskonti

☐ Skjul null-linjer

Kjør rapport

Kjør rapport lokal



# Regnskapsskjema - Drift

2 Solund Sokneråd - 2020

12.02.2021

|                                                  | Regnskap            | Reg. budsjett       | Oppr.budsjett       | Regnskap i fjor     |
|--------------------------------------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| <b>Inntekter</b>                                 |                     |                     |                     |                     |
| Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter  | 200.646,00          | 226.500,00          | 226.500,00          | 184.790,00          |
| Salg av driftsmidler/fast eiendom                | 0,00                | 0,00                | 0,00                | 0,00                |
| Refusjoner/overføringer                          | 285.786,17          | 236.500,00          | 236.500,00          | 307.491,13          |
| Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale          | 30.000,00           | 30.000,00           | 30.000,00           | 30.000,00           |
| Statlige tilskudd                                | 59.700,00           | 57.000,00           | 57.000,00           | 78.153,00           |
| Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune        | 1.895.000,00        | 1.895.000,00        | 1.895.000,00        | 1.845.000,00        |
| Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd              | 0,00                | 0,00                | 0,00                | 0,00                |
| Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler         | 126.789,00          | 93.500,00           | 93.500,00           | 77.948,20           |
| <b>Sum driftsinntekter</b>                       | <b>2.597.921,17</b> | <b>2.538.500,00</b> | <b>2.538.500,00</b> | <b>2.523.382,33</b> |
| <b>Utgifter</b>                                  |                     |                     |                     |                     |
| Lønn og sosiale utgifter                         | 1.357.727,92        | 1.597.000,00        | 1.592.000,00        | 1.393.780,91        |
| Kjøp av varer og tjenester                       | 656.402,81          | 705.500,00          | 705.500,00          | 679.852,53          |
| Refusjoner/overføringer                          | 189.513,17          | 189.000,00          | 189.000,00          | 181.934,93          |
| Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale             | 30.000,00           | 30.000,00           | 30.000,00           | 30.000,00           |
| Tilskudd og gaver                                | 38.408,50           | 39.000,00           | 39.000,00           | 45.802,00           |
| <b>Sum driftsutgifter:</b>                       | <b>2.272.052,40</b> | <b>2.560.500,00</b> | <b>2.555.500,00</b> | <b>2.331.370,37</b> |
| <b>Brutto driftsresultat:</b>                    | <b>325.868,77</b>   | <b>-22.000,00</b>   | <b>-17.000,00</b>   | <b>192.011,96</b>   |
| Renteinntekter og utbytte                        | 870,06              | 5.000,00            | 5.000,00            | 2.997,00            |
| Mottatte avdrag på utlån                         | 0,00                | 0,00                | 0,00                | 0,00                |
| Renteutgifter og låneomkostn.                    | 5.912,53            | 6.000,00            | 11.000,00           | 10.018,00           |
| Avdrag på lån                                    | 10.250,00           | 11.000,00           | 11.000,00           | 10.250,00           |
| Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.               | 0,00                | 0,00                | 0,00                | 0,00                |
| <b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>           | <b>-15.292,47</b>   | <b>-12.000,00</b>   | <b>-17.000,00</b>   | <b>-17.271,00</b>   |
| Avskrivninger                                    | 3.000,00            | 3.000,00            | 3.000,00            | 3.000,00            |
| Motpost avskrivninger                            | 3.000,00            | 3.000,00            | 3.000,00            | 3.000,00            |
| <b>Netto driftsresultat</b>                      | <b>310.576,30</b>   | <b>-34.000,00</b>   | <b>-34.000,00</b>   | <b>174.740,96</b>   |
| <b>Interne finansieringstransaksjoner:</b>       |                     |                     |                     |                     |
| Bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)      | 215.520,76          | 0,00                | 0,00                | 275.132,52          |
| Bruk av disposisjonsfond                         | 12.341,00           | 0,00                | 0,00                | 0,00                |
| Bruk av bundne fond                              | 22.739,97           | 50.000,00           | 50.000,00           | 63.229,00           |
| <b>Sum bruk av avsetninger</b>                   | <b>250.601,73</b>   | <b>50.000,00</b>    | <b>50.000,00</b>    | <b>338.361,52</b>   |
| Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd) | 0,00                | 0,00                | 0,00                | 0,00                |
| Avsatt til disposisjonsfond                      | 240.469,28          | 0,00                | 0,00                | 275.132,52          |
| Avsatt til bundne fond                           | 120.851,53          | 16.000,00           | 16.000,00           | 22.449,20           |
| Overført til investeringsregnskapet              | 0,00                | 0,00                | 0,00                | 0,00                |
| <b>Sum avsetninger</b>                           | <b>361.320,81</b>   | <b>16.000,00</b>    | <b>16.000,00</b>    | <b>297.581,72</b>   |
| <b>REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK (OVERSKUDD)</b> | <b>199.857,22</b>   | <b>0,00</b>         | <b>0,00</b>         | <b>215.520,76</b>   |
| <b>REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK (UNDERSKUDD)</b>   | <b>0,00</b>         | <b>0,00</b>         | <b>0,00</b>         | <b>0,00</b>         |



## Regnskapsskjema - Investering

2 Solund Sokneråd - 2020

12.02.2021

|                                                | Regnskap          | Reg. budsjett     | Oppr.budsjett     | Regnskap i fjor     |
|------------------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|---------------------|
| Investeringer i anleggsmidler                  | 0,00              | 147.500,00        | 150.000,00        | 1.337.269,50        |
| Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale           | 0,00              | 0,00              | 0,00              | 0,00                |
| Renteutgifter, låneomkostninger                | 0,00              | 0,00              | 0,00              | 0,00                |
| Avdrag på lån (ekstraord.)                     | 0,00              | 0,00              | 0,00              | 0,00                |
| Utlån, kjøp av aksjer, andeler o.l.            | 2.143,00          | 2.500,00          | 0,00              | 3.079,00            |
| Avsetninger                                    | 77.105,40         | 0,00              | 0,00              | 0,00                |
| <b>Årets finansieringsbehov</b>                | <b>79.248,40</b>  | <b>150.000,00</b> | <b>150.000,00</b> | <b>1.340.348,50</b> |
| <b>Finansiert slik:</b>                        |                   |                   |                   |                     |
| Bruk av lånemidler                             | 0,00              | 0,00              | 0,00              | 0,00                |
| Inntekter fra salg av driftsmidler/fast eiend. | 0,00              | 0,00              | 0,00              | 0,00                |
| Refusjoner                                     | 0,00              | 0,00              | 0,00              | 267.453,90          |
| Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale        | 0,00              | 0,00              | 0,00              | 0,00                |
| Tilskudd til investeringer                     | 150.000,00        | 150.000,00        | 150.000,00        | 1.150.000,00        |
| Mottatte avdrag på utlån (ekstraord.)          | 0,00              | 0,00              | 0,00              | 0,00                |
| <b>Sum ekstern finansiering</b>                | <b>150.000,00</b> | <b>150.000,00</b> | <b>150.000,00</b> | <b>1.417.453,90</b> |
| Overført fra driftsregnskapet                  | 0,00              | 0,00              | 0,00              | 0,00                |
| Bruk av avsetninger                            | 77.105,40         | 0,00              | 0,00              | 0,00                |
| <b>Sum finansiering</b>                        | <b>227.105,40</b> | <b>150.000,00</b> | <b>150.000,00</b> | <b>1.417.453,90</b> |
| <b>Udekket/udisponert</b>                      | <b>147.857,00</b> | <b>0,00</b>       | <b>0,00</b>       | <b>77.105,40</b>    |



# Regnskapsskjema - BALANSE

2 Solund Sokneråd - 2020

12.02.2021

Regnskap 2020

Regnskap 2019

## EIENDELER:

### Anleggsmidler

|                                     |           |           |
|-------------------------------------|-----------|-----------|
| Faste eiendommer og anlegg          | 63.840,00 | 66.840,00 |
| Utstyr, maskiner og transportmidler | 0,00      | 0,00      |
| Utlån                               | 0,00      | 0,00      |
| Aksjer og andeler                   | 38.994,00 | 0,00      |

### Omløpsmidler

|                        |              |              |
|------------------------|--------------|--------------|
| Kortsiktige fordringer | 268.976,00   | 405.717,00   |
| Aksjer og andeler      | 0,00         | 0,00         |
| Sertifikater           | 0,00         | 0,00         |
| Obligasjoner           | 0,00         | 0,00         |
| Kasse, bankinnskudd    | 2.034.314,12 | 1.448.066,45 |

### SUM EIENDELER:

2.406.124,12 1.920.623,45

## EGENKAPITAL OG GJELD:

### Egenkapital

|                                                           |            |            |
|-----------------------------------------------------------|------------|------------|
| Disposisjonsfond                                          | 842.592,58 | 614.464,30 |
| Bundne driftsfond                                         | 690.979,64 | 592.868,08 |
| Ubundne investeringsfond                                  | 76.626,56  | 49.521,16  |
| Bundne investeringsfond                                   | 50.000,00  | 0,00       |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering) | 0,00       | 0,00       |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)       | 0,00       | 0,00       |
| Regnskapsmessig mindreforbruk (Udisp. overskudd)          | 199.857,22 | 215.520,76 |
| Regnskapsmessig merforbruk (Uinndekket underskudd)        | 0,00       | 0,00       |
| Udisponert i inv.regnskapet                               | 147.857,00 | 77.105,40  |
| Udekket i inv.regnskapet                                  | 0,00       | 0,00       |
| Kapitalkonto                                              | -20.166,00 | -66.410,00 |

### Gjeld

#### Langsiktig gjeld

|                           |            |            |
|---------------------------|------------|------------|
| Ihendehaverobligasjonslån | 0,00       | 0,00       |
| Sertifikatlån             | 0,00       | 0,00       |
| Andre lån                 | 123.000,00 | 133.250,00 |

#### Kortsiktig gjeld

|                        |            |            |
|------------------------|------------|------------|
| Kassekredittlån        | 0,00       | 0,00       |
| Annen kortsiktig gjeld | 295.377,12 | 304.303,75 |

### SUM EGENKAPITAL OG GJELD:

2.406.124,12 1.920.623,45

### Memoriakonti

|                              |      |      |
|------------------------------|------|------|
| Ubrukte lånemidler           | 0,00 | 0,00 |
| Andre memoriakonti           | 0,00 | 0,00 |
| Motkonto for memoriakontiene | 0,00 | 0,00 |



# Budsjettkontroll drift Sokneråd

| ALLE                                     | Regnskap<br>0,00 | Budsjett inkl. endring<br>0,00 | Forbruk i %<br>0,00 | Avvik<br>0,00 |
|------------------------------------------|------------------|--------------------------------|---------------------|---------------|
| 200 Kyrjeverje                           | 0,00             | 0,00                           | 0,00                | 0,00          |
